



Christoffer Fossli med dei tre kongepokalane sine.

For ikkje lenge sidan var Uskedalen.no på Lislrud og snakka med kona der Monica Hermann. Då var ektemannen på jobb i Nordsjøen. No er han heime og vi fekk ein hyggeleg prat med han. Han heiter Christoffer Fossli og er frå Oslo. Han voks opp på Bjølsen, nær Akerselva.



Medaljongen Fossli fekk som ferdig tindevegledar.

Då han flytta heimanfrå, jobba og reiste han mykje: To årelange reiser i Frankrike og ei reise jorda rundt. Han er ein framifrå fjellklatrar og har klatra i mange utfordrande fjell. Jobben hans i Nordsjøen har for så vidt også med klatring å gjera. Han klatrar opp i riggen og utfører oppgåver som vanlege arbeidarar ikkje kan utføra (industriell klatring).

Når vi spør han korleis klatreinteressa vakna hjå han, seier han at det byrja i det små på ungdomsskulen der dei lærte om rappellering (å fira seg ned med tau). Etter det kjøpte han litt billig klatreutstyr hos ein ven. Dermed var interessa for klatringa tent. Han var då 17 år gamal. Han gjekk vidare innan klatring og har ei 3 år lang utdanning innan faget. Dette førte til at han vart utnemnt til 'Internasjonal tindevegleder'. Dei har då lov til å visa vegen for personar opp på ulike fjell.

Han har vunne 3 noregsmeisterskap i klatring, og på peisen står det 3 kongepokalar.

Christoffer nemnde også at han hadde drive med buldring (!). Det er klatring utan tau.

Han har lyst å byggja ein klatrevegg i eit høveleg lokale i Uskedal, så dersom nokon har ein låve eller liknande som kan brukast, så må dei ta kontakt. Han har hatt klatrekurs i Uskedal, og det er nokre som er spesielt interesserte.

Når vi spør kvifor dei valgte Uskedal so svarar han som kona at dei hadde høyrte so mykje fint om dalen og folket her. For Christoffer so var fjella og elva viktig. Ha har klatra på Skorpo som han tykkjer er praktfull. Han har også som mål å definera ei eige rute i Ulvanoso.

Christoffer og Monica har vore gift i 10 år og har 4 born saman og ute i hagen har han bygd 'klatreutstyr' for borna.

Uskedalen.no ynskjer dei velkomne til dalen



[Dei har lagt godt til rette for aktivitetar for borna på Lislrud.](#)

Tekst og foto: Reidar Myklebust
Nett: Thor Inge Døssland